



SAKSHANDSAMARE
Carl Gordon Stavøstrand
Lars Erik Bru

VÅR REF.
20/10353-1

VÅR DATO
15.04.2021

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF. DYKKAR DATO

Entra Eiendom
Postboks 52, Økern
0508 OSLO

Circle K Norge AS
Schweigaards gate 16
0191 OSLO, Norge

MIL Veteranstasjon - Lars Hilles gate 27 - 164/947 og del av 164/589, Bergen kommune - Vedtak om freding



Vi viser til fredingsforslag for MIL Veteranstasjon datert 27.05.2020 som har vore på høyring hos aktuelle partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 15 og § 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27, gnr./bnr. 164/947, samt del av gnr./bnr. 164/859 i Bergen kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter kml § 15 omfattar følgjande bygning og areal:

- Ekspedisjonslokale og tak over pumpeområdet (bygningsnr. 139281616, Askeladden-ID 149424-1)
- Køyreareal (Askeladden-ID 149424-2)


Fredinga etter kml § 19 omfattar følgjande areal:

- Tilkomstveg (Askeladden-ID 149424-3)

Fredinga etter kml § 15 omfattar eksteriøret og interiøret til bygningen, inklusiv underetasjen, og inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatehandsaming og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk og fast inventar.

Vidare omfattar fredinga etter kml § 15 køyrearealet, som avmerkt på kartet nedanfor, og inkluderer murene og gjerda rundt arealet, samt to bensinpumper.

Fredinga etter kml § 19 omfattar tilkomstvegen frå Nygårdsgaten til underetasjen i bensinstasjonen, som avmerkt på kartet nedanfor.



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein bensinstasjon frå mellomkrigstida.

Fredinga av eksteriøret til bygningen etter kml § 15 skal sikre arkitekturen. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske utrykket og detaljeringa, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i interiøret. Fast inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredinga av køyrearealet etter kml § 15 skal sikre den arkitektoniske og kulturhistoriske heilskapen i anlegget.

Fredinga av tilkomstvegen etter kml § 19 skal bevare verknaden av bensinstasjonen i miljøet og oppretthalde tilkomsten til bensinstasjonens underetasje.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne.

Kulturminne freda etter kulturminnelova § 15

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningen og køyrearealet eller delar av dei.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret eller interiøret til bygningen eller byggje om køyrearealet. Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringer, jf. punkt 5.
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar på bygningen og på køyrearealet. Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringer, jf. punkt 5. Eigar eller brukar kan søke om dispensasjon for utskifting av nedgraven bensintank og tilhøyrande røyroppligg, når bruksomsyn eller miljørettslege krav gjer dette naudsynt.
4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføringer til opphaveleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan det i særlege tilfelle gjevast dispensasjon til under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag.

Område freda etter kulturminnelova § 19

6. Tilkomstvegen frå Nygårdsgaten kan overbyggjast, så framt passasjen får ei fri høgd på minst 4,5 meter. Den markerte delen av gardsrommet bak bensinstasjonen, jf. kartet ovanfor, skal ikkje overbyggjast.
7. Men unnatak av punkt 5 og 6 må det innanfor det freda området ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og anlegg, vert det vist til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21, samt ovannemnde fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Det blir gjort merksam på at løyve etter kulturminnelova må vere gjeve før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan settast i verk.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvar for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogeleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogeleg skje i samsvar med opphaveleg utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvalting av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvaren sine informasjonsblad.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/ dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går utover vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan settast i verk, ev. på kva vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeins kontakte fylkeskommunen.

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid.

Dersom det etter kulturminnelova § 15a blir gjeve dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det verte gitt heilt eller delvis vederlag for utgiftsauka, jf. § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristikk av kulturminnet

MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 er ein bensinstasjon i den sørlege delen av Bergen sentrum. Stasjonen vart bygd i 1928 for Norsk Brændselolje AS og var i drift fram til 1998 under merka MIL, BP, Norol og Statoil. 1998-2005 vart bensinstasjonen restaurert og tilbakeført til opphavleg utsjånad. Stasjonen framstår i dag nærmest som eit lite museum med veteranbilverkstad, drive av Museumsgruppen MIL Bergen.

Bensinstasjonen opptar ei lita, nær kvadratisk tomt i eit større bykvarter og ligg ut mot Lars Hilles gate. Eit lågt valmtak, bore av firkanta pilarar, ligg vinkelrett på gatelina og dekker eit pumpeområde med to bensinpumper, samt ein liten bygning med ekspedisjonslokale i bakkant av pumpeområdet. På begge sider av taket er opne køyre- og serviceareal, ramma inn av murer på sidene mot naboeigedomane og med låge portar ut mot gata. I kjellaren som strekk seg under heile stasjonsområdet er det eit verkstadlokale med tilkomst via ei innkøyrsle på baksida. Bensinstasjonen er bygd i betong og pussa mur, utvendig kvitmåla med blå og svarte detaljar.

Arkitekten var Sverre Losnedahl, som utforma anlegget i 1920-åras nyklassisistiske formspråk med ei symmetrisk oppbygging, reine geometriske volum og klassisk inspirert dekor og detaljering. Dei funksjonelle hovudelementa – eit par bensinpumper, tak over pumpeområdet, ekspedisjonslokale og serviceareal – er dei same som i mange andre bensinstasjonar frå same tid, likeins er plasseringa ved ei hovudinnfartsåre typisk.

For nærmere skildring av kulturminnet blir det vist til vedlagte dokumentasjon.

Vurdering av kulturminnet. Grunngjeving for fredingsvedtaket.

Til grunn for fredinga ligg den kulturhistoriske og arkitektoniske verdien til bensinstasjonen. MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 er arkitektonisk og kulturhistorisk verdifull som ein karakteristisk og heilskapleg representant for dei tidlege bensinstasjonane i Noreg og for 1920-åras nyklassisistiske arkitektur. Bensinstasjonen representerer også ferdsel, industri og handel, og fredinga er såleis i tråd med fleire prioriterte tema i Riksantikvarens fredingsstrategi mot 2020.

Den kulturhistoriske verdien ligg særleg i tilknytinga til bilismen, eit av 1900-talets viktigaste kulturtrekk og ein sentral del av den moderne historia. Bensinstasjonen vitnar om framveksten av bilen som eit viktig kommunikasjonsmiddel og av næringer og verksemder knytt til bilismen. I oppbygging, funksjonar og formspråk er stasjonen representativ for 1920-talets bensinstasjonar i Noreg og demonstrerer tydeleg korleis nye behov ga form til ein ny bygningstype. Bensinstasjonen har også arkitektonisk verdi som eit gjennomarbeidd og heilstøypt døme på mellomkrigstidas nyklassisistiske arkitektur. Tilbakeføringa til opphavleg form har brakt fram att dei opphavlege arkitektoniske kvalitetane og styrka opplevingsverdien som eit 1920-tals anlegg. Stasjonen demonstrerer korleis byggeren må ha lagt vekt på å gjera også ein bensinstasjon til eit representativt anlegg.

Av dei mange bensinstasjonane frå mellomkrigstida er berre ein liten del bevart, og av desse er mange prega av seinare ombyggingar. Stasjonen i Lars Hilles gate er difor i dag eit sjeldsynt døme på dei tidlege bensinstasjonane. Både bensinstasjonar og andre kulturminne knytt til den moderne bilismen er underrepresentert på fredingslista. Som eit lite privatmuseum og samlingsstad for frivillige interesserte har stasjonen fått ein ny bruksverdi.

Bensinstasjonen er også verdifull som del av eit bymiljø sterkt prega av bilismen. Fleire av nabobygga vart reist for firma i bilbransjen, og strøket hadde i mellomkrigstida truleg ein av landets tettaste konsentrasjonar av bilrelaterte verksemder.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei tilstandsvurdering av bensinstasjonen i 2015.

Vurdering av tilstand og økonomi

Rapporten konkluderer med at sjølve bensinstasjonen med kontor og pumper er i god stand, men tettesjiktet i dekket som utgjer køyrearealet har vore utett og ført til skader på puss og isolasjonslag i kjellaretasjen under. Elles er anlegget prega av at mange bygningsdelar vart sett i stand eller fornya i restaureringa 1998-2005. Overordna tilstandsgrad (TG) er vurdert av fylkeskommunen til å vere TG 2. Ut i frå gjeldande Norsk Standard NS-EN 16096 vil dette seie at bygningen har eit vesentleg avvik frå tilstand i høve til referansenivået. I etterkant av tilstandsregistreringa er tettesjiktet på dekket skifta ut, og den mest omfattande skaden er dermed utbetra.

Riksantikvaren si vurdering.

Ut i frå ei samla vurdering reknar ikkje Riksantikvaren med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre freding av MIL Veteranstasjon.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg, eller delar av dei, av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av kulturminnelova § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf forskrift 15. februar 2019 nr. 127 om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminnelova, § 2 (4).

Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsmessig status

Lars Hilles gate 27 ligg i ein urban kvartalsstruktur i den sørlege delen av Bergen sentrum. Bensinstasjonsbygningen og køyrearealet dekkjer heile eigedomen gnr./bnr. 164/947. Eigedomen er omgjeven av Lars Hilles gate i aust, ein forretningsgard i sør og ikkje utbygd tomтар i vest og nord. Eigar er Circle K Norge AS.

Tilkomstvegen frå Nygårdsgaten går over gnr./bnr. 164/859, eigd av Lars Hilles Gate 25 AS, som er heileigd av Entra ASA.

I reguleringsplan for Nedre Nygård (plannr. 8200000) frå 1994 er eigedomane regulert til forretning/kontor, med maksimal gesimshøgd på 14,5-16,5 m. Korkje reguleringsplanen eller kommunedelplan Sentrum har verneføresegner som gjeld Lars Hilles gate 27. I kommuneplanens arealdel 2018-2030 er eigedomen omfatta av omsynssone kulturmiljø.

Det vart i 2019 varsle oppstart av privat reguleringsendring for eit område som omfattar bensinstasjonen og dei tilstøytande eigedomane på nordsida. Formålet er å byggja ut det ubygde arealet som i dag vert nytta som parkeringsplass, til kontor, næringsformål og offentleg verksemd. Reguleringsendringa vil gjera det mogleg å innarbeida verneføresegner, slik at det vert fullt samsvar mellom fredinga og reguleringsplanen.

Forholdet til naturmangfaldlova

Når kulturminneforvaltinga fattar vedtak, skal det samtidig gjerast ei vurdering av om dette verkar inn på naturmangfaldet. Prinsippa i lov om naturmangfald 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8 – 12 jf. § 7 skal leggjast til grunn ved offentleg myndighetsutøving som rører ved naturmangfaldet.

Det er gjort søk i Artsdatabanken sitt Artskart og Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning for å få naudsynt kunnskap til å avgjere dette. Søket gjaldt sårbare og trua artar.

Det er ikkje registrert sårbare eller trua arter i området kring den foreslått freda bygningen. Det er heller ikkje registrert andre særskilt verneverdig naturtypar eller naturområde.

Fylkeskommunen vurderer at fredinga av MIL Veteranstasjon korkje vil kome i konflikt med naturverdiar eller påverke naturmangfaldet i negativ retning. Riksantikvaren sluttar seg til denne vurderinga.

Bakgrunn for fredinga

I 2003 bad Riksantikvaren fylkeskommunane om oversikt over kulturminne frå biltrafikkens pionértid i Noreg. Riksantikvaren viste til ei tilråding frå Europaratet om å ta vare på vår tids arkitektur og peika på trøngen for å sikra kulturminne frå framveksten av biltrafikken, ein viktig del av nyare norsk historie.

I notatet *Bygg fra privatbilismen og rutebiltrafikkens pionertid. Utvalgte byggverk foreslått til fredning* frå 2006 var eit utval anlegg vurdert og tilrådd sikra gjennom formelt vern. Mellom desse var bensinstasjonen i Lars Hilles gate 27, som då nyleg var ferdig istandsett.

Utgreiing for saksgang og innkomne merknader

28. oktober 2011 vart bensinstasjonen mellombels freda av Hordaland fylkeskommune, på bakgrunn av eit høgt utbyggingspress i området og at eigaren vurderte avhending. Fylkeskommunen vedtok den mellombelse fredinga for å skapa føreseielege rammer rundt anleggets status som kulturminne. Det kom ingen merknadar eller journalførte reaksjonar på den mellombelse fredinga.

Melding om oppstart av permanent freding vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1, sendt eigaren og kommunen i brev av 18. desember 2013. Samstundes vart dette kunngjort i avisene Bergens Tidende og Bergensavisen.

Det kom inn ein merknad, frå den dåverande eigaren av tomta som tilkomstvegen går over. Det vart peika på at vegretten til bensinstasjonen er sikra gjennom tinglyste klausular, og at det difor ikkje er naudsynt at tilkomstvegen er omfatta av fredinga. Fylkeskommunen har likevel vurdert at tilkomstvegen bør fredast etter kulturminnelova § 19, ettersom ein er usikker på om den tinglyste vegretten åleine sikrar kulturminneomsyna godt nok. Fredinga skal ikkje vere til hinder for at vegen vert overbygd.

Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslaget, og dette vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 11. november 2016. Samstundes vart det kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Bergen kommune og på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no.

Det vart gitt ein frist på seks veker frå kunngjeringsdagen til å uttale seg. Ved den offentlege høyringa kom det inn fire merknader:

Eigaren, Circle K Norge AS, stilte seg bak fredingsforslaget, men ønskja at følgjande merknader vart presisert og tatt inn i fredingsvedtaket:

- «1. Det er tillatt å foreta de tiltak i grunn som er nødvendig for å ivareta miljørettslige forpliktelser, så fremt det tas nødvendig hensyn til bygningsmassen.
- 2. Det er tillatt, om bruken av eiendommen endrer seg, å overbygge bygningen og plassen, så fremt dette tar tilbørlig hensyn til de vernede elementene.»

Entra ASA, som eig den ubygde nabotomta (gnr./bnr. 164/945 og 164/859), ønskja at tilkomstvegen vart teke ut av fredingsforslaget og at formålet i staden vert ivaretakne i den kommande reguleringsprosessen for tomta. Dei meinte byggjegrensa mot bakveggen til stasjonen og størrelse/høgde på innkøyringa frå Nygårdsgaten kan ligge inne i reguleringsforslaget.

Bergen kommune var positiv til fredingsforslaget, men peika på at det vil letta handsaminga av eventuelle byggesaker på gnr./bnr. 164/859 om grensa for overbygging av tilkomstveg og ope areal i bakgarden vert nærmere skildra i fredingsføresegnene. Kommunen meinte det er viktig at eit eventuelt overbygd portrom får god høgde, slik at siktlinia til bakfasaden vert oppretthalde. Det er naudsynt med ei opning i to etasjar, noko som òg vil gi portrommet ein luftig og romleg kvalitet som vil verke positivt for veteranstasjonen.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde 8. desember 2016 følgjande vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27. Fredinga vil gi eit varig vern til ein karakteristisk og heilskapleg representant for dei tidlege bensinstasjonane og bidra til ei meir representativ fredingsliste.».

Fylkeskommunen sine kommentarar

Overbygging av bensinstasjonen og plassen vil ikkje vera mogleg utan at vesentlege kulturminneverdiar vert råka. Opplevinga av bensinstasjonen vil verta sterkt redusert. Dette vil dessutan skapa uvisse for naboeigedomane. Fylkeskommunen kan difor ikkje opna for overbygging i fredingsforslaget. Når det gjeld «tiltak i grunn som er nødvendig for å ivareta miljørettslige forpliktelser», dreier dette seg om utskifting av ein nedgraven bensintank med tilhøyrande røyropplegg. Fredingsføresegnene skal ikkje vere til hinder for å kunne gi dispensasjon til slike tiltak. For å gjera dette tydeleg, er det gjort ei tilføyning til fredingsføresegn 3.

Presiseringar i fredingsforslaget etter høyring

Fylkeskommunen har på bakgrunn av merknadane til Entra og kommunen gjort presiseringar i fredingsforslaget som tillåt overbygg av tilkomstveg med 4,5 meters høgde. For fastsetjing av høgda i passasjen har fylkeskommunen teke utgangspunkt i Statens vegvesen, handbok N100, der ein reknar at vegar dimensjonert for tung trafikk skal byggast slik at det kan nyttast køyretøy med inntil 4,5 meters høgde. Det har ikkje vore aktuelt å ta vegen ut av fredingsforslaget då det vurderast som vesentleg å oppretthalde tilkomstvegen for å ivareta kulturminneverdiane. Fylkeskommunen vurderer at det er mest hensiktsmessig at omsynet til kulturminneinteressene vert heimla i kulturminnelova og presisert nærmare i fredingsføresegnene.

Behandling i Bergen bystyre

Med heimel i kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om freding leggjast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta. Fylkeskommunen oversendte fredingsforslaget og innkomne fråsegner til kommunen i brev av 21. februar 2018.

Bergen bystyre handsama saka i møte 20. juni 2018, og fatta følgjande samråystes vedtak: «Bergen kommune avgir høringsuttalelse til «Fredning av MIL Veteranstasjon i Lars Hilles gate 27», slik den fremkommer av byrådets forslag.». Byrådets forslag, som vedtaket viser til, er: «Bergen kommune sine merknader og presiseringar som ble uttrykt ved første gangs varsle om fredning av MIL Veteranstasjon i Lars Hilles gate 27 (b.sak 11/17), er imøtekommot på en tilfredsstillende måte. Bergen kommune har ingen kommentarer ut over dette og støtter således forslaget til fredning.».

Riksantikvaren sine kommentarar til høyringsfråsegnene

Riksantikvaren stiller seg bak fylkeskommunens vurderingar i fredingsprosessen og kommentarar til innkomne merknader. Fredinga av MIL Veteranstasjon har gått føre seg utan stor opposisjon, men det har vore ynskjeleg frå fleire hald å ta tilkomstvegen ut av fredinga. Fylkeskommunen har grunngjeve godt kvifor tilkomstvegen likevel bør inngå i fredinga. Det å sikre tilkomstvegen gjennom freding, og dermed oppretthalde veteranstasjonen sin funksjon som verkstad, vurderer Riksantikvaren som riktig avgjersle. Freding etter kulturminnelova er den strengaste forma for vern, og utbyggingspresset i området tilseier at eit slikt strengt vern er naudsynt.

Riksantikvaren var på synfaring av veteranstasjonen 15. juli 2020 og møtte representantar frå eigarsida og fylkeskommunen. MIL Veteranstasjon er eit godt ivaretake anlegg, med eldsjeler som på frivillig basis har sørga for at stasjonskomponentar og verkstad er i funksjonell drift den dag i dag. Det er svært positivt at det finst eit lokalt engasjement for vidare bruk og bevaring av stasjonen.

Avslutningsvis vil Riksantikvaren gje fylkeskommunen honnør for deira handsaming av fredingssaka. MIL Veteranstasjon er ein viktig bensinstasjon frå framveksten av den moderne bilismen i mellomkrigstida, og har vore godt teken hand om av regionforvaltninga gjennom istandsetting, mellombels freding og no permanent freding.

Oppheving av vedtak om mellombels freding

Med dette fredingsvedtaket er Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 28. oktober 2011 om mellombels freding av MIL Veteranstasjon, oppheva.

Opplysning om høve til klage og tinglysing

Det kan klagast på Riksantikvaren sitt fredingsvedtak til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendast Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5

Beste helsing

Hanna Geiran
riksantikvar

Turid Kolstadløkken
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg:

- Fredingsdokumentasjon del 1
- Fredingsdokumentasjon del 2 (unnateke offentlegheit)
- Informasjonsarket Å eie et freda hus
- Rundskriv om enklare og raskare dispensasjonsbehandling

Kopi til: Bergen kommune, Postboks 7700, 5020 BERGEN/ Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

